

NSG
Norsk Sau og Geit

Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit" 2022

Tidspunkt: 25. – 26. Februar 2022

Stad: Thon Skei Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: 42 deltakarar

Representantar frå lokallag : Lokallag representert med stemmerett Røysteføre 35

Representantar frå styret : 6

Innleiarar: Ronald Slemmen, Leiar i NSG

Valnemd:

Gjester/Andre:

ÅRSMØTEREFERAT

Opning ved leiar Ragnhild Sæle som ønska velkommen.

Ronald Slemmen -Leiar i NSG

Snakka om fokusområda til NSG.

- Utmarksbeiting, beiteresursar
- Økonomi på kort og lang sikt
- Jordbruksforhandlingane

Prosjekt Kjøtt i skule, skal utprøvast på nokre skular. Seminsesongen som var dårleg med ca 10% nedgang i tilslag. Begrunna med for mykje tynningsveske, Som plaster på såret - Gratis dunkleige og frakt av dunk.

Jordbruksforhandlingane 2022. (Mange innspel)

Innføre driftstilskudd frå buskapar med 30 – 130 sau med 1000,- /dyr.

Utmarksbeitetilskudd auke frå 235 – 350 kr/dyr.

Beitetilskudd aukast frå 50 -75 kr

Slaktetilskudd aukast frå 450 – 550 kr

Organisert Beitebruk aukast med 9 mill frå 26 – 35 mill.

Dyrevelferdstilskudd kr 10000,- /bruk

Avløysartilskudd må aukast.

Geit: Husdyrtilskudd aukast med 15,- kr/geit

Kjeslakt auke frå 300 – 400 /kje.

Geir Ole Ervik: Mange positive signal for saueneæringa, og håpar på at vi får innfridd noko av dette.

Vidar Sandal: Kjem det noko signal om tak på melkekvote. Ronald sa det var forslag om 250000 liter som tak.

Eldrid Grønsberg: Er redd for mykje auke i slaktetilskudd kan bli for produksjonsdrivande.

Jo Risløv: Meiner husdyrtilskotet bør styrkast mest på dei første mot dei siste.

Ronald Slemmen: målet er å kunne leve av eit årsverk

SAKLISTE:

- 1) Namneopprop. 35 stemmeberettiga.
- 2) Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden. Vidar Sandal, Kunne tenkt seg at ein fekk ut årsmøteinnkallinga og årsheftet noko tidlegare. Forslag om å byte om sak 7 og 8. Godkjent.

- 3) Velje 2 repesentantar saman med møteleiaren for 2020 til å skrive under møteprotokollen.
Møteleiar: **Geir Ole Ervik**

2 til å skrive under møteprotokoll: **Olav Scott Fanøy Nord og Sigbjørn Skjerdal**
Teljekorps : Ole Bjarne Hovland, Svein Jarle Selseng, Jostein Flatland.

Leiaren sin tale: Ragnhild Sæle las opp talen.

- Vidar Sandal, God tale. Lokallaget bør bli meir synlege. Fronte meir ut i media slik som Bondelaget.. Ragnhild svarte at vi kan ikkje samanligne oss med Bondelaget som har lønna sekretærar
- Erling Offerdal: Ein god tale og fått med mykje. Poengterte rovdysituasjonen i Indre Sogn, her lyt ein passe på. Ragnhild svar: Ja her lyt vi berre stå på
- Kjell Olav Kuslid: Korleis ligg vi an med SNO og uttak av jerv. Lars Nesse, svarte det ligg løyve, men har vore forferdleg dårleg vær.
- Terje Mork: Forfære på at ikkje fylkeslaget har oversikt over rovdyrkontakter. Elles må ein også ha fokus på andre rovdyr som Ørn som også er eit stort problem. Lars Nesse svarte at denn skal være sendt ut. Ragnhild kommenterte at dette skal bli ordna.
- Per Magne Bell. Meiner vårt sentralstyremedlem går inn for kvotetak på 300 000 liter når fylket her går inn for 250 000 liter som tak. Ragnhild kommenterte sa at sentralstyremedlemmet også frontar andre fylker i landet.
- Erlend Brede Fossen: Organisert beitebruk som skal aukast med 9 mill. Tilskudd på utmarksbeite bør gå på heimsanka dyr.

4) **Handsame årsmelding frå styret for 2021**

Solgun Haugen las opp.

Matias Sølvberg stilte spørsmål om kor det går med Apotekavtala rundt omkring. Svar Er oppe å gå på fleire apotek.

Erling Offerdal: Lokallaga er viktig for å få engasjert flest medlemmer. Ragnhild svarte at utfordringa er at fleire lokallag ikkje avheld årsmøte og rapporterer inn

Årsmeldinga vart samrøstes godkjent

Årsmelding frå avlsutvalet i Sogn og Fjordane:

Anne Moen gjekk gjennom

Vidar Sandal, Terje Mork, Kjell Olav Kuslid, Per Magne Bell. Utfordringar omkring rekruttering av dommarar og vert det gjort nok for å få nye. Per Magne stilte særskilt spørsmål omkring spælulla.

Jostein Flatland og fylkesstyret vil oppmode lokallaga med å komme opp med kandidatar og at det vert kursing av dommarar. Tek dette med tilbake til Avlsutvalet

Eldrid Grønsberg: Utfordringar med buskapar som har både sau og geit, i høve karing og sal av værlam? Johannes Nedrebø kommenterte at svar vi har fått frå Thor Blichfeldt er at skal vi kare å selge værlam i allefall i væreringar så skal ein ikkje ha geit.

Årsmelding frå avlsutvalet godkjent

Årsmeldinga for geitegruppa:

Jo Risløw gjekk gjennom denne.

Vidar Sandal: skryter over geitegruppa, god årsmelding og geitehelga

Jostein Flatland : gav ros for god årsmelding over godt program geitehelga, kommenterte at det var dumt at denne kolliderte med Agromek messa.

Årsmelding for Geitegruppa vart godkjent

Årsmelding frå gjetarhundnemnda:

Roger Løvik gjekk gjennom denne.

Årsmeldinga godkjent

- 5) **Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2021.** Årets resultat : kr 78 418,- Vidar Sandal, Kjekt å være mdlem i eit fylkeslag med god økonomi.. Stiller spørsmål om det vert gjort nok for å få til aktivitear. Ragnhild seier det er sendt ut skriv om å få inn blant anna søknadar om aktivitetar som kan støttast med inntil 5000,-/tiltak

Rekneskapen er revidert og godkjent.

6) Handsame arbeidsplan for 2022

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Medlemsverving
- Vidareføre Apotekavtala
- Geitehelg /fagdag geit
- Haustsamling (Samling for lokallaga)
- Jordbrukstingingane
- Planlegge tur for 2023
- Kurs i kadaverhund (viss fått midlar)

7)Innkomne saker. Ingen innkomne saker.

Ole Bjarne Hovland, Sogn og Fjordane Bondelag Småfenæringa i Vestland må sikre fornying og investeringar.

Snakka om:

- Rovvilt: Rovviltområde 1 som består av Vestland fylke + Rogaland og Agder. . Har 400000 søyer av landets totale 900 000 søyer. Gjekk i gjennom rovvilddata som ligg inne. Statistikk på uttak av Jerv. Jervetale taukar 14 jerv registrert DNA sist vinter. 5 nye tisper vinter 2020-2021
- Jordbruksoppgjøret 2022. Kostnadsdekning av auka kostnader, Inntekstutvikling som andre, Tetting av gap. Utan ein marknad i balanse vil det være vanskeleg å oppnå inntektsmålet.

Jon Nummedal: Seier det er viktig at sauebruka vert styrka. Nasjonalt kan det vel være ei utfordring i høve Vestlandet og flatbygdene. Ole Bjarne, seier at han er heilt enig. Vi ser også kvar nedgongen i sauetalet har vore størst, og av vi må nytte utmarksressursane.

Geir Ole Ervik: Ta med at ørn er eit veldig veksande problem

Jo Risløv fordelinga av tilskots og næringsfordelinga på geit kontra sau. (tenker på grunntilskit og distriktstilskott på melk)

Vidar Sandal seier det er bra at Bondelaget også ser på melkekvotar på geitemelk og kvoteleige.

8 Val etter vedtektene.

Innstilling frå valnemnda til årsmøte 2022 Sogn og Fjordane Sau og Geit

Valnemnd: Gunn Sande, Selje, Rolf Borlaug, Oppedal, Per Kandal, Førde

Valnemnda sitt framlegg:

Valnemnda har slite med å få ein geiterepresentert i fylkesstyre. Per Magne Bell sa det var ei fallitterklæring at ein ikkje hadde ein kandidat som har sakt seg villig til å være i fylkesstyret.

oppmoda årsmøtet om attval på Jo Risløv som har sakt ja, med føresetnad om at arbeidsbyrden vert mindre. Foreslått kandidat i staden Egil Ove Helleland er orientert.

Styre

| | |
|---|-----------------------------------|
| Ragnhild Sæle, Jølster, leiar | Attval for 1 år 31/4 blank |
| Erlend Brede Fossen, Viksdalen, Nestleiar | Ny for 2 år 33/2 |
| Anne Inger Moen, Eid | Ikkje på val |
| Solgun Haugen, Lærdal | Ikkje på val |
| Jo Risløv, Vik i Sogn | Attval for 2 år 31/4 blank |

Varamedlemmar

| | |
|-------------------------------|------------------------|
| 1. Egil Ove Helleland, Vik | Ny for 1 år |
| 2. Margrethe Garlid, Stryn | Attval for 1 år |
| 3. Per Kristian Eide, Sandane | Ny for 1 år 29/6 blank |

Revisorar

| | |
|------------------------|-----------------|
| Ove Årdal, Jølster | Attval for 1 år |
| Inge Erikstad, Jølster | Attval for 1 år |

Vara for revisorar

| | |
|---------------------------|-----------------|
| Inge Årdal, Jølster | Attval for 1 år |
| Jon Helge Sandal, Jølster | Attval for 1 år |

Møteleiar 2023

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Geir Ole Ervik, Selje | Attval for 1 år |
|-----------------------|-----------------|

Vara for møteleiar 2023

| | |
|------------------------|-------------|
| Erling Offerdal, Årdal | Ny for 1 år |
|------------------------|-------------|

Utsendingar til landsmøte 2022 i NSG

Ragnhild Sæle og Jo Risløv har direkte møteplass pga sentrale verv dei har.

Utsendingar

Anne Inger Moen, Eid
Solgun Haugen, Lærdal
Erlend Brede Fossen, Viksdalen
Jo Risløv, Vik

Varautsendingar

1. Tom Idar Kvam, Hafslo
2. Egil Ove Helleland, Vik
3. Henrik Veiesund, Askvoll
4. Margrethe Garlid, Stryn
5. Vidar Sandal, Breim
6. Gunn Sande, Selje

Kommentar frå Vidar Sandal: Framlegg frå valnemnda kunne vore kungjort før årsmøtet slik at lokallaga kunne fått teke stilling til det før årsmøtet.

Framlegg til nye godtgjersler:

| | |
|------------------------------|----------|
| Godtgjersle til leiar | 20000 kr |
| Godtgjersle til sekretær | 15000 kr |
| Møtegodtgjersle møte > 4imar | 1400 kr |
| Møter opp til 4 timar | 400 kr |

Køyre- og passasjergodtgjersle etter statens reiseregulativ

Velje medlem til valnemnda med vara
Rolf Borlaug, Oppedal Leiar
Per Kandal, Førde
Matias Magne Sølvberg

Vara til Valnemnda: Sigurd Vikesland og Ingunn Reme

9) Handsame og vedta budsjett for 2023

- Aukar godtgjersla til rekneskapsføring til kr 15000,-
- Stønad til aktive lokallag auka til kr 100 000,- Kvar søknad kan få inntil 60 % av kostnadsoverslag, mot innsendt rekneskap over prosjektet. . Men styret vurderer dette utifrå innkommen søknasmasse.
Søknad må være inne til fylkesstryret innan 15.august 2022

Budsjettet er teke til etterretning

10) Innspel til Jordbrukstingingane 2022
Jo Risløv la fram forslaget (eige vedlegg)

Johannes Nedrebø
Referent

Geir Ole Ervik
Møteleiar

Olav Scott Fanøy Nord
Sign


Sigbjørn Skjerdal
Sign

Søknad må være inne til fylkesstyret innen 15. august 2022


Budsjettet er lagt til etterretning

10) Innspel til Innføringsreguleringane 2022
Jo Risøy la fram forslaget (eige vedlegg)


Johannes Nedrebo
Referent



Geir Ole Ervik
Møteleiar



Olav Scott Fanny Nord
Sign



Sigbjørn Skjerdal
Sign

